



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2928 - 16/503

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
11.01.2016

Godkjenning - GBNR 25/175 - Løyve til oppføring av garasje

Administrativt vedtak. Saknr: 12/2016

Tiltakshavar: Leiv Jan Fosse
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld:

Saka gjeld søknad om oppføring av garasje med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 46,8 m² og bygd areal (BYA) ca. 49,6 m². Løyve til oppføring av einebustad på eigedomen vart gitt ved delegert vedtak i sak 14/424, DS 389/2015.

Det vert elles vist til søknad med vedlegg journalført 10.9.2015, sist supplert 11.1.2016.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla 30.7.2015 i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3. Nabomerknadene er behandla gjennom vedtaket knytt til bustaden, DS 389/2015.

Lov- og plangrunnlag:

Gbnr 25/175 er i kommuneplanen sin arealdel (KPA) avsett til landsbruks-, natur og friluftsmål (LNFR). Det omsøkte tiltaket er i strid med dette arealformålet, men kommunen har tidlegare gitt

naudsynt dispensasjon frå KPA for oppføring av einebustad på den omsøkte parsellen, jf vedtak frå Utval for drift og utvikling av 11.12.2012 i UDU-sak 125/12. Administrasjonen vurderer at omsøkt garasje er innanfor den dispensasjonen som er gitt.

Plassering av tiltaket og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagt situasjonsplan journalført motteke 10.9.2015. Plassering av garasjen med minste avstand til nabogrense mot gbnr 25/35 på 1,9 meter vert godkjent av Meland kommune i medhald av pbl § 29-4, tredje ledd, bokstav b.

Utforming, høgde og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagt plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke 10.9.2015. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava til utsjånad og funksjon i pbl §§ 29-1 – 29-3.

Ansvarsrettar:

Garasjen vurdert isolert ikkje ansvarsrettar, men vart omsøkt saman med bustaden på eigedomen. Administrasjonen finn det difor tilstrekkeleg å vise til godkjente ansvarsrettar i sak 14/424, DS 389/2015, som gjeld tilsvarande ved oppføring av garasjen.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-1, jf pbl § 21-4, løyve til oppføring av garasje på gbnr 25/175 i Meland kommune. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Plassering og utføring av tiltaket skal vere som vist på situasjonskart og teikningar journalført motteke 10.9.2015, jf pbl § 29-4, tredje ledd, bokstav (b). Det gjeld eit toleransekrav i horisontalt plan +/- 50 cm og i vertikalt plan +/- 20 cm.

Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt, jf vurderinga over og administrativt vedtak i sak 14/424, DS 389/2015.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at byggjeløyvet vart gjeve, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9. Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i Matrikkelen, jf matrikkellova, som er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framti ikkje anna er bestemt ovanfor.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det

er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

kart og teikningar

Mottakere:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN